

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 15.01.2012
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Oppdragsdokument til Helse Vest RHF 2012**

Styresak 007/12 B

Styremøte 01.02.2012

Forslag til vedtak

Styret tek oppdragsdokumentet for 2012 til etterretning.

Fakta

Endeleg oppdragsdokument for 2012 er oversendt frå Helse- og omsorgsdepartementet ved e-post den 13. januar 2012

Kommentar

Gjennom oppdragsdokumentet stiller Helse- og omsorgsdepartementet til disposisjon dei midlane som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for 2012. Helse Vest RHF skal utføre pålagde oppgåver og gjennomføre styringskrava innanfor dei rammene og måla som er gitt, og dei ressursane som blir stilte til rådvelde i dokumentet.

Oppdragsdokumentet er ein del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokollen frå føretaksmøtet er dette dei to formelle styringsverkemidla departementet rår over ovanfor dei regionale helseføretaka utover lov og forskrift.

Krav til arbeidet med kvalitet- og pasientsikkerheit er i oppdragsdokumentet for 2012 gitt høg prioritet. Tenestene skal vere av god kvalitet, trygge og tilgjengelege, og frå 2012 skal helseføretaka mellom anna rapportere på 30 dagars overleving etter innlegging for lårhalsbrot, hjarteinfarkt og hjerneslag. I 2012 skal brukarerfaringar frå pasientar som er innlagt i somatikk og svangerskap og føde nyttast i kvalitetsarbeidet.

Kravet om reduserte ventetider og at fristbrot ikkje skal skje er vidareført. Det er også retta stor merksemd på tilbodet til kreftpasientar, og det skal rapporterast på prosentdel pasientar med tjukktarmskreft, brystkreft, lungekreft som får behandling innan 20 arbeidsdagar.

Andre særskilte satsingsområde for 2012 er samhandlingsreforma, tverrfagleg spesialisert rusbehandling og hjerneslag.

Mål og styringskrav for 2012 er valde ut frå ei risikovurdering og med bakgrunn i aktuelle satsingsområde. Relevante mål og krav som er gitt i tidlegare oppdragsdokument, skal framleis vere gjeldande.

Vedlegg:

Oppdragsdokument 2012 Helse Vest RHF